



Ivar Baste kjem til bondelagsårssmøtet

Onsdag kveld klokka 19.30 held Uskedalen Bondelag årsmøte i Gamleskulen og eit høgdepunkt i år vert føredraget til seniorrådgjevar i Miljødirektoratet Ivar Baste om dei globale utfordringane knytt til matproduksjon.

Baste som bur i Dimmelsvik er kanskje meir kjent som musikar på våre kantar, men han er økolog og har ei imponerende merittliste bak seg. Tidlegare i haust var han i Senioruniversitetet og fengsla tilhøyrarane med mangfaldet av liv på jorda som tema..

Tidlegare i år vart han vald inn i styret for det internasjonale panelet for biologisk mangfald og økosystemtenester. Det vart nyleg oppretta

for å styrka samspelet mellom forskning og forvalting-

Baste har mange års erfaring frå miljøarbeid her heime og ute med stillingar som avdelingsdirektør i Miljødepartementet, ambassaderåd i UD,, utgreiingssjef i FN i Kenya og FN-direktør i Geneve.

- Vi er svært glade for at han kjem til oss. Dette vert spennande, seier bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal til uskedalen.no
Frå styret i fylkesbondelaget kjem Kjetil Mehl til møtet

Av Ola Matti Mathisen